

## **Årsmelding for Gaular Sokneråd 2022**

Tekst knytt til kyrkjeleg arbeid i soknet; soknerådsleiar Bjarne Horsevik

Tekst knytt til økonomi; økonomileiar Trond Herløvsund

### **Oppgåver til kyrkjesektoren.**

Mykje av oppgåvene er knytt opp til dei kyrkjelege handlingane (gudsteneste, dåp, konfirmasjon, vigslе og gravferd) diakoni og trusopplæring. Det administrative arbeidet, som er ei følge av dette, vert utført av kyrkjevevjer, kyrkjesekretær, sokneprest, diakon, organist og medarbeider trusopplering i saman med soknerådet.

### **Medlemmer i Gaular Sokneråd i 2022:**

Bjarne Horsevik, leiar

Bente Oddny Kandal, nestleiar

Idar Senneseth, soknerådsrepresentant i fellesrådet

Synnøve Berget (permisjon ut denne perioden)

Gunn Elin Bøe Hatlestad

Steinar Hatlestad

Elin Solhaug Osen

Ottar Leidar Rusken

Sigurd Martin Årskaug (komt inn som fast for Synnøve Berget )

Frode Skeide, sokneprest

I soknerådet er det 9 faste medlemmer, av dei er det 4 kvinner og 5 menn, men av di ei av kvinnene har permisjon, har soknerådet i permisjonstida hatt 3 kvinner og 6 menn, som faste medlemmer. Det har vore halde 5 møter og behandla 60 saker i soknerådet i 2022. Det har vore 2 fellesmøte, med dei andre sokna i Sunnfjord kommune. Dei tre kyrkje- og diakoniutvala i Gaular sokn, har til sammen hatt 6 møter, (2 i kvart sokn. )

### **Oppsummering av arbeidet til soknerådet**

2022 har vore eit normalår, vi har hatt gudstenester, bryllaup, barnedåp og gravferder.

## **Saker som vi har behandla i soknerådet**

Vi har hatt eit år der det har vore mykje å ta seg av. Vi byrja med planlegginga til ordinasjonen av diakon Ragnhild Stav, familiemiddag på Sande, påskenattsmesse i Bygstad og påskefrukost på Sande. Så var det å sy i hop diakonutvalget for dei 3 sokna, kalking av graver og store hjortepblem v/Bygstad kirkegård. 24. april, etter gudstenesta, var det synfaring for å finne ut kva ein skal gjere vidare. Trusopplæring i samband med Høyanger, men det vart det ikkje noko av. Fastsetting av regneskapen for Gaular Sokn, Kyrkjebladet og Sande Kyrkjelydshus, som soknerådet er styre for. Behandling av årsmeldinga for Gaular Sokn, fasteksjon der får vi konfirmantane til å gå med bøsse. Vi har og behandla kjøp av keyboard Johannus One og det har vi kjøpt. Vi har og fått inn klage på stell av kyrkjegardane i Gaular og det har vi videresendt til Fellesrådet. Onsdag 1. juni takka vi av Magna Lunde, for lang og tru tjeneste. Vi har og hatt føre oss konfirmasjonane, julekonsertane, kyrkjelydsbasaren og offerlista. Så skal vi få nytt orgel i Sande kyrkje i 2024/2025 og der bør soknet stille med ca. 1 million. Vi har og hatt føre ei stemme til orgelet i Viksdalen. I forbindelse med montering av nytt orgel i Sande, arbeider vi med å få gjort noko forandring i kyrkja. Dette vil vi ta samtidig. Kyrkjebladet er oppe på kvart møte i soknerådet. Elles er det mange andre ting vi har føre. Vi har eit godt samarbeid i soknerådet.

## **Gudstenester m.m. i Gaular sokn**

Det har vore halde 94 gudstenester, 30 gravferder, 1 urnenedsetjing, 31 dåp, 32 konfirmantar, 3 vigsler og det har vore totalt 6166 frammøtte til gudsteneste. Det blir og halde andakter på Sande omsorgssenter. Kyrkjeoffer er på kr. 189.322. Av det går kr. 45.465 til eige kyrkjelydsarbeid.

## **Kyrkjebladet**

Som vi har undersøkt er Kyrkjebladet kjekt å få, men vi hadde håpa at fleire betalte for det. Redaktøren gjer ein god jobb med å få tak i stoff og soknerådet kjem og med innspel til saker å skrive om. Redaktøren i år har vore Frode Skeide, men Ragnhild Stav har no tatt over. Kyrkjebladet vert no køyrt ut i postkassane i Gaular på dugnad, så mange takk for det. I 2022 hadde bladet eit overskudd på kr. 14.817. Vi fekk ein refusjon frå Fellesrådet på kr. 500 og ein privatperson har gitt kr. 4.200 i gåve. I og med at bladet blir køyrt ut på dugnad, sparer vi mykje porto og det viser igjen på overskuddet. Dersom vi

ikkje hadde køyrt det ut på dugnad, hadde det vorte underskudd. Det er kjekt at skulane i Gaular stiller opp med fine tegninger.

### **Kyrkje- og diakoniutval**

Det har vore halde 6 møter, 2 i kvart sokn. Diakonen har halde andakter på Sande omsorgssenter og besøkt pårørande i lag med presten, etter at dei har mista sine kjære. Ho har og vore med i konfirmantopplæring, konfirmasjonar og ho har halde gravferder. Ho vikarierer og som kantor. Diakoniutvalet har føre seg bl.a. fasteaksjon, gudstenesteplan, kyrkjelydsbasaren, gudsteneste for barn/unge/familiar og mykje anna som går føre seg i kyrkjeleg samanheng. Diakonen gjer ein god jobb og samarbeider godt med presten og dei andre på kyrjekontoret. Ragnhild har vore ute i mammapermissjon mesteparten av 2022. Anne Lervik var tilsett som vikar frå januar til august.

### **Sande kyrkjelydshus**

I 2022 har det vore bra med aktivitetar i huset, med utleige både til konfirmasjonar, minnestunder, tysdagskafe, babysong m.m. Kyrjekontoret er og leigetakar i huset. Elles har vi folk på dugnad, som ser etter huset og gjer ulike småting som småreparasjonar. På basaren som vi hadde i haust, fekk vi inn kr. 20.355, noko vi er godt nøgde med. Alle ting tatt i betraktning, kjem vi no ut med overskudd på drifta. Taket må skiftes i 2023, så det blir ein betydeleg kostnad.

### **Nettsida**

Det har vore lagt ned mykje arbeid med nettsida vår på kyrkja.no/gaular. Vi har også tatt i bruk digital påmelding til dåp og vigsel.

## Økonomi

Rekneskapen for soknet sett under eitt er gjort opp med eit mindreforbruk/overskot på ca. 158.000. Størstedelen av overskotet kjem frå drifta av kyrkjelydshuset, som hadde eit overskot på ca. 108.000. Elles hadde kyrkjer/anna kyrkjeleg verksemd eit samla overskot på ca. 79.000, og diakoni/tysdagskafé ei samla underskot på ca. 29.000.

Dei andre tenesteområda/aktivitetane er avrekna mot eigne fond, slik at dei kjem ut med null i resultat.

Samanlikna med budsjettet er det nokre avvik; av dei større avvika kan desse nemnast:

### *Anna kyrkjeleg verksemd:*

Offer til andre (både inntekt og utgift): rekneskap ca. 196.000, budsjett 128.000.

Offer til eige arbeid: rekneskap ca. 51.000, budsjett 68.000.

Innsamla til orgel Viksdalen: rekneskap ca. 52.000, budsjett 0

Renteinntekter: rekneskap ca. 21.000, budsjett 2.000

### *Konfirmantarbeid*

Større inntekter (sum ca. 99.000) enn i budsjettet (sum ca. 54.000) pga. auka pris for konfirmantane, i tillegg til at rekneskapen inneheld inntektene frå to konfirmantkull (både 2021/22 og 2022/23).

### *Trusopplæring*

Overskot på soknet sitt tilskot frå bispedømet (pga. ledig stilling) er overført frå fellesrådet, dette utgjør ca. 163.000, i budsjettet var det rekna med 38.000.

### *Kyrkjemusikk*

Samla utgifter i samband med konsert (ca. 48.000) vart ein del større enn budsjettert (ca. 22.000).

### *Ungdomsklubb*

Husleige på ca. 19.000 var ikkje med i budsjettet.

### *Tysdagskaféen*

Husleige på ca. 34.000 var ikkje med i budsjettet.

### *Kyrkjelydshuset*

Utgifter til vedlikehald utgjør ca. 2.000, i budsjettet var det sett opp 131.000; forklaringa er at planlagt utskifting av tak er utsett til 2023.

## Gaular sokn 2022

## Økonomiske oversikter

## Regnskapsskjema - Driftsregnskapet

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
<b>Inntekter</b>				
1 Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	434 821,73	282 500,00	282 500,00	263 557,89
2 Salg av driftsmidler/fast eiendom	-	-	-	-
3 Refusjoner/overføringer	25 067,16	197 500,00	193 000,00	180 924,57
4 Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale	-	-	-	-
5 Statlige tilskudd	-	-	-	-
6 Tilskudd fra rettssubjektet Den norske kirke	-	-	-	-
7 Rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune	-	-	-	-
8 Tilskudd fra soknets organer	195 719,00	3 000,00	3 000,00	61 050,00
9 Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	332 670,70	234 500,00	234 500,00	190 830,30
<b>10 Sum driftsinntekter</b>	<b>988 278,59</b>	<b>717 500,00</b>	<b>713 000,00</b>	<b>696 362,76</b>
<b>Utgifter</b>				
11 Lønn og sosiale utgifter	-	-	-	-
12 Kjøp av varer og tjenester	339 706,64	417 000,00	399 000,00	373 952,00
13 Refusjoner/overføringer	105 043,91	75 000,00	70 500,00	73 824,45
14 Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale	-	-	-	-
15 Tilskudd og gaver	211 404,68	195 000,00	195 000,00	129 422,30
<b>16 Sum driftsutgifter:</b>	<b>656 155,23</b>	<b>687 000,00</b>	<b>664 500,00</b>	<b>577 198,75</b>
<b>17 Brutto driftsresultat:</b>	<b>332 123,36</b>	<b>30 500,00</b>	<b>48 500,00</b>	<b>119 164,01</b>
<b>18 Renteinntekter og utbytte</b>	<b>20 597,00</b>	<b>5 000,00</b>	<b>5 000,00</b>	<b>6 224,00</b>
19 Mottatte avdrag på utlån	-	-	-	-
20 Renteutgifter og låneomkostn.	-	-	-	-
21 Avdrag på lån	-	-	-	-
22 Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l.	-	-	-	-
<b>23 Netto finansinntekter/-utgifter</b>	<b>20 597,00</b>	<b>5 000,00</b>	<b>5 000,00</b>	<b>6 224,00</b>
24 Avskrivninger	21 794,00	22 000,00	22 000,00	21 794,00
25 Motpost avskrivninger	21 794,00	22 000,00	22 000,00	21 794,00
<b>26 Netto driftsresultat</b>	<b>352 720,36</b>	<b>35 500,00</b>	<b>53 500,00</b>	<b>125 388,01</b>
<b>Interne finansieringstransaksjoner:</b>				
27 Bruk av udisponert fra tidl. år (mindreforbruk)	35 813,09	35 813,09	-	117 087,40
28 Bruk av disposisjonsfond	-	33 547,09	-	-
29 Bruk av bundne fond	44 825,89	-	-	14 519,20
<b>30 Sum bruk av avsetninger</b>	<b>80 638,98</b>	<b>69 360,18</b>	<b>-</b>	<b>131 606,60</b>
31 Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)	-	-	-	-
32 Avsatt til disposisjonsfond	91 860,18	101 860,18	50 500,00	117 087,40
33 Avsatt til bundne fond	183 285,58	3 000,00	3 000,00	104 094,12
34 Overført til investeringsregnskapet	-	-	-	-
<b>35 Sum avsetninger</b>	<b>275 145,76</b>	<b>104 860,18</b>	<b>53 500,00</b>	<b>221 181,52</b>
<b>36 MINDREFORBRUK</b>	<b>158 213,58</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>35 813,09</b>
<b>36 MERFORBRUK</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

Førde, 16.02.23

Tone Myklebust

T. Myklebust

Terje Guddal





# BALANSE

11 Gaular sokn - 2022

16.02.2023

	Regnskap 2022	Regnskap 2021
<b>EIENDELER:</b>		
<b>A - Anleggsmidler</b>		
Faste eiendommer og anlegg	1.921.095,00	1.942.889,00
Utstyr, maskiner og transportmidler	2,00	2,00
Utlån	0,00	0,00
Aksjer og andeler	0,00	0,00
<b>B - Omløpsmidler</b>		
Kortsiktige fordringer	46.744,10	97.823,00
Aksjer og andeler	0,00	0,00
Sertifikater	0,00	0,00
Obligasjoner	0,00	0,00
Kasse, bankinnskudd	2.290.275,37	1.868.042,33
<b>C - SUM EIENDELER:</b>	<b>4.258.116,47</b>	<b>3.908.756,33</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD:</b>		
<b>D - Egenkapital</b>		
Disposisjonsfond	1.009.128,76	917.268,58
Bundne driftsfond	1.213.980,86	1.075.521,17
Ubundne investeringsfond	0,00	0,00
Bundne investeringsfond	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (investering)	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	0,00	0,00
Regnskapsmessig mindreforbruk	158.213,58	35.813,09
Regnskapsmessig merforbruk	0,00	0,00
Udponert i investeringsregnskapet	0,00	0,00
Udekket i investeringsregnskapet	0,00	0,00
Kapitalkonto	1.921.097,00	1.942.891,00
<b>Gjeld</b>		
<b>E - Lengsiktig gjeld</b>		
Innehaverobligasjonslån	0,00	0,00
Sertifikatlån	0,00	0,00
Andre lån	0,00	0,00
<b>F - Kortsiktig gjeld</b>		
Kassekredittlån	0,00	0,00
Annen kortsiktig gjeld	-44.303,73	-62.737,51
<b>G - SUM EGENKAPITAL OG GJELD:</b>	<b>4.258.116,47</b>	<b>3.908.756,33</b>
Memoriakonti		
Ubrukte lånemidler	0,00	0,00
Andre memoriakonti	0,00	0,00
Motkonto for memoriakontiene	0,00	0,00

Førde, 16.02.23  
Tone Myklebust

T. Myklebust

Terje Guddal